

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 26.01.2016

FRÅ: Administrerande direktør

SAKSHANDSAMAR: Johnny Heggestad

SAKA GJELD: **Helse2030 Prosjektdirektiv**

ARKIVSAK: 2015/1871

STYRESAK: **004/16**

STYREMØTE: **10.12. 2016**

Administrerande direktør si orientering pkt. 8

Helse2030 – Revidering av overordna verksemestrategi

Vi legg no fram forslag til prosjektdirektiv for formell oppstart av prosjekt Helse2030, som skal ta fram neste versjon av overordna verksemestrategi for føretaksgruppa Helse Vest.

I føringane frå nasjonalt hald er vi bedne om å innordne det regionmale planarbeidet i kjølvatnet av Nasjonal Helse- og sjukehusplan, som skal vere ein fireårig plan.

I utarbeidingsplanen for framdriftsplan for prosjektet ser vi at vi vil trenge stort sett heile 2016 for å komme i mål. Då er det teke omsyn til at endeleg godkjenning av den nasjonale planen skjer i Stortinget før påske. Førebels planlagd dato for handsaming i Stortinget er 17.mars.

I tråd med nasjonal føring vil det då passe å innrette virketid for ein første tiltaksdel av Helse2030 til å vere åra 2017-2020.

Det er i planleggingsfasen gjennomført 14 eksterne intervju med relevante personar/interessentar som gir bidrag til utfordringsbilde og målbilde.

I framdriftsplanen er det lagt opp til å identifisere tema som skal utgreiast i løpet av dei første par månadene, slik at både faggrupper for utgreiingsarbeid og andre utgreiinger kan skje frå tida før/etter påske og fram mot sommaren.

Etter sommaren vil ein summere opp utfordringsbilete, målbilete og grunnlag for strategiutforming. Dette må så forankrast i gode kommunikasjonsprosessar/samlingar med interne og eksterne. Utforming og utskriving av strategien vil skje på hausten og fram mot jul.

Det er planlagt å levere ein prosess med god involvering både av styra og leiargruppene i verksemdene i føretaksgruppa.

Eigar av prosjektet er administrerande direktør.

Direktørmøtet i Helse Vest er sett opp til å vere styringsgruppe, supplert med representant frå brukar og frå KTV/KHVO.

Vedlegg:

1. Prosjektdirektiv versjon 0.9